

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43. vevning

Fylke: Sogn og fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kyrkjebø

Emne :

Bygdelaq: Berge og Kyrkjebø stronda.

Oppskr. av: Anders H. Berge 83

Gard:

(adresse): Nordeide

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige Røynsla.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1. Ja det var brukt for sjukdomer av ymse slag.
2. Kva slags ringer var det a. Det var 2 orte ringer .
Glatte som gifteringer. Amassing, Kobber, jern eller av edelst metal. Av 2 slags metal var her ikkje . Her var ein sort som stod "gitring" innvendig . "Elektrisk " var her ikkje+ . Her var ein sort ringer som skulde vere av "tambak" ,det skulde vere ein blanding av massing og kobberx So vitt eg skønør. var det ikkje nokon hjelp aa få av disse ringerx det var barre som ein stas.
3. Ein fekk kjendskap til dei gjennom avertissment og i i ukeblad. Pris kan eg ikkje hugsa .
4. Nei det kjenner eg ikkje til.
5. Nei det kjenner eg til.
6. Min far var i sine unge år plaga av gigt. Han Æukæe elektriske som han laga sjølv av kopper og sink, og lagde platerne i edik. Han meinte at kjæderne var til god hjelp for han . Æinna kjædor brukte han i 2 år og vart god att. Platorne var syt saman gjennom 4 hul med et lag filt. Kjæda låg i vaska med natta og så gjekk han med kjæda til den var vekk tærd og då maatte ein laga ny kjæda for kjæda kunde ikke brukast meir enn eit år.

7. Arbønd kjenner eg ikkje til.
8. - -
9. Ja det var brukte med same ilag som var brukt for fars vedkomande med huller i kopar og sinkplatorne og med filt i millom. D. det skulde vere i kors form .
10. Ja, ein kjenner til at det var brukt nokre større sinkplate r og kobberplator og at disse var brukte på same måten som på min far. på fars sin sjukdom var berre brukt for gigt.
11. Navnet var "gigtbelte" .
12. Det var tvo sorter gigtbelte . Det eine var ein tomme stort og det andre var ein og kvarttomme i firkant. Det var dei same håla på største som dei minste med filt i millomver plate. Dei låg i ædik natte over før dei vart tekne ibruk. .
13. Nei ,det var ikkje brukt slik.
14. Det har ikkje hent hjå oss. Øyreringer av denne sort kjenner me ikkje til.
15. Kjenner ingen av disse sorter.
16. Kjenner ikkje til disse sorter.
17. Det var brukt for gigt.
18. Me kjenner ikkje til denne måten å bruka det på.
19. 20. kjenner me ikkje til.
21. 22. Nei vi har ikkje kjenskap til noko som kan vera av inntresse for disse spørsmål.